

BARNEHAGEOPPTAKET I ULSTEIN KOMMUNE 2011/2012

Opptak, søknadsfrist og oppseiingsfrist.

Alle som ynskjer barnehageplass eller overflytting til anna barnehage i Ulstein kommune, må søkje på nytt innan fristen 1 mars.

Alle gamle ventelister vert sletta i samband med opptak til nytt barnehageår.

Dei som har barnehageplass og som ikkje ynskjer endring av noko slag, skal ikkje sende inn skjema.

Dei som søker for nytt barn eller som ynskjer endring av storleik på barnehageplass eller overflytting til anna barnehage skal sende inn skjema. Ein nyttar same skjema til alle tenestene. Hugs å krysse av i skjema kva kriterie du søker for ditt barn.

Opptak og søknadsfrist:

Søknadsfrist for barnehageplass frå hausten 2011 er 1. mars 2011.

Ulstein kommune har samordna opptak til barnehageplass. Om du ynskjer plass i kommunal eller privat barnehage, nyttar du elektronisk søknadsskjema. Søknadsskjema finn du på Ulstein kommune si heimeside.

I første etg på Rådhuset, ved Servicetorget, står ein publikums pc du kan nytte. Du kan ta kontakt med servicekontoret dersom du treng hjelp til utfylling av skjema.

Fyller du ut rubrikk for e-post adresse på det elektroniske skjemaet, vil du når søknaden er registrert, motta ein e-post som varslar at søknaden er motteken.

Retten til barnehageplass:

Lov om barnehagar § 12 a.:

Barn som det blir søkt for innan fristen 1 mars, og som fyller eit år innan utgangen av august det året det vert søkt om barnehageplass har etter søknad rett til å få plass i barnehage frå august .

Kommunen har oppfylt retten til barnehageplass etter lova når søker får eit av desse punkta oppfylt:

- Første ynskje oppfylt
- Andre ynskje oppfylt
- Tilbod i annan barnehage i kommunen, men framleis i samsvar med § 12 a.

Søklarar som blir tildelt barnehageplass i samsvar med § 12 a og som takkar nei til eit av dei tre tilboda, vil ikkje ha rett på å få eit nytt tilbod frå kommunen.

Dersom du som søker ikkje har fått første ynskje oppfylt har barnet ditt rett til å få stå på venteliste til den barnehagen du ynskjer, uansett om du takkar ja eller nei til det tilbudet om plass i barnehage som du har fått. Dette kryssar du av på i svarbrevet til kommunen.

Søknad om overflytting/endring av plass:

Alle som har barnehageplass, kan søkje om overflytting til anna barnehage i Ulstein kommune.

Søknad om overflytting har frist 1 mars, og du nyttar elektronisk søknadsskjema. Hugs å merke i søknadsskjema at søknad gjeld overflytting.

Dersom ditt barn i inneverande barnehageår står på venteliste til anna barnehage i kommunen og du framleis ynskjer overflytting, må du søkje om dette på nytt til hovudopptaket 1 mars.

Svar på søknad:

Ei opptaksgruppe samansett av barnehagekonsulent og styrarar i kommunale og private barnehagar samarbeider om opptaket. Prioriteringa skjer etter dei til ei kvar tid gjeldande kriterier for opptak.

Tildelingsbrev vert sendt ut i løpet av mars/april når opptak er gjort.

Vedlegg:

Dersom du søker prioritert plass til ditt barn, så hugs å kryss av for kriterie på søknadsskjema og send tilråding frå sakkunnig instans/faginstans til barnehagekonsulenten innan 1 mars.

Oppseiingstid:

Oppseiingstida i kommunal barnehage er 1 md rekna frå den 1. i påfølgande månad. Dersom ein seier opp plassen med datering f.o.m. 1 mars er oppseiingsfristen 2 månader til 1.juli. Same regel gjeld for oppseiing av deler av plassen.

Søknad utanom hovudopptaket:

Du kan søkje barnehageplass også utanom hovudopptaket. Dersom det blir ledige barnehageplassar, tildeler vi desse til born som står på venteliste.

Dersom du ikkje bur i Ulstein kommune kan du søkje om barnehageplass i kommunen. Born til søkerarar som ikkje bur i Ulstein kommune vert prioritert etter barn som bur i kommunen.

Klage:

Ved hovudopptak kan søker klage over avslag på søknad om barnehageplass. Søker kan også klage dersom søker verken får sitt 1 eller 2 ynskje oppfylt. Klagefrist er 3 veker etter motteke svarbrev.

Klagen skal stilast til barnehagekonsulenten i Ulstein kommune.

Dersom barnehagekonsulenten opprettheld vedtaket, vert saka handsame i klagenemnda for endeleg avgjerd.

